

Varsel om Streik ved Aurland Energiverk og Lærdal Energi

Det er varsla plassoppseing ved Aurland Energiverk og Lærdal Energi frå kl. 0700, fredag 30 september.

Konflikten mellom arbeidsgjevarorganisasjonen KS Bedrift og fagforeiningane EL & IT Forbundet, Fagforbundet, Delta og Parat, blir trappa opp 30 september. Dersom det ikkje blir semje mellom partane på Energiavtale I, blir 14 nye bedrifter tatt ut i streik.

Blant desse er Aurland Energiverk og Lærdal Energi, der 13 av dei tilsette vil streika frå fredag morgon. Dette er tilsette innan administrasjon og montørar som jobbar ute i felten.

Brotet skuldast ueinigheit om reglement for kompensasjon for vakt utanom arbeidstid.

Dagens samfunnsstruktur er svært sårbar dersom straumen forsvinn. Ved driftsforstyringar i nettet under streiken, vil vi gjere vårt ytterste for å avgrense virkninga av slike hendingar for våre kundar. Der det er fare for liv og helse (også dyrehelse) og ved utilbørlig skade for 3. person, kan det bli gitt dispensasjonar frå partane i konflikta, slik at leveransen av straum kan gjenopptakast.

Andre konsekvensar vil vere at vi ikkje vil vere i stand til å gje våre kundar og forretningsforbindelsar den service ein er vant til frå selskapet mens streika held på.

Energiverka har utarbeida eigne beredskapsplanar for handtering av blant anna streikesituasjonar, og er godt rusta for å kunne handtera ein streik i selskapa.

Eventuelle feilmeldingar skal meldast som normalt til våre vakttelefonar, for Aurland Energiverk 57 63 20 88 og for Lærdal Energi 57 66 94 20. Det er innvilga dispensasjon frå EL&IT for montørvakta, slik at denne kan nyttas til å sikre eventuelle feilstadar.

Feil som oppstår under streiken og som ikkje representera fare for liv og helse, vil ikkje bli retta under streiken utan at det vert gjeve dispensasjon frå EL&IT. Energiverka vil søkje om dispensasjon for alle feil som vil oppstå under streiken.

Kontaktpersonar:

Aurland Energiverk: Helge Morten Vangen 951 72 599

Lærdal Energi: Per Gullaksen 913 33 851